

Fra: Vidar Langøy-Jørgenvik <vidarlangoy@hotmail.com>
Sendt: lørdag 26. februar 2022 11:02
Til: Postmottak Alver
Emne: Innspel til samfunnssdelen i kommuneplanen til Alver Kommune

Til Alver kommune

Postmottak Alver e-post er: post@alver.kommune.no

Innspel til samfunnssdelen i kommuneplanen til Alver kommune

Organisasjonen **Lindås Slusene (Sluselaget)** ønsker å koma med innspel til samfunnssdelen i Kommuneplanen.

Den friviljuge organisasjonen Lindås Slusene vart skipa i april 2017 for å sikra historia vår og skapa ny aktivitet rundt Lindåsslusene og sjøområdet i Lindåsosane.



Oversiktsfoto av Lindåsslusene og området omkring

Ei vidareutvikling av dette historiske kulturområdet ønskar me å få til ved å samarbeida med eksisterande lag, private bedrifter, kommunane i Nordhordland, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Kystverket og andre offentlege instansar.

Arbeidet med å ferdigstilla restaureringa av sluseanlegget (sjøslusane) har gått veldig seint for me er heile tida avhengige av å samla inn midlar for å gjennomføra prosjektet, men det har gått framover litt heile tida.

Me i sluselaget har store utfordringar med å få økonomisk stønad til dette arbeidet, både frå det offentlege og private på grunn av at området ikkje er regulert, me manglar ein reguleringsplan som kan styra arealbruken på ein god måte her.

Dersom me saman skal koma vidare i arbeidet må det ein reguleringsplan på plass. Kostnadane med ein reguleringsplanen her ber me no om at Alver kommune må ta og prioritera framover.

Dette området er ein viktig attraksjon for heile Vestlandet, det er knytt mykje samferdselshistorie og kystkultur til Lindåsosane og Lindåsslusane.



Foto av ny og gammal tid ved sjøslusene inn til Lindåsosane

Lindåsslusane og sjøområdet her er alt i dag eit viktig område i undervisning, for reiselivet og for kulturlivet, dette området må verta meir opent og tilgjengeleg for ålmenta. I dag er berre tilkomsten hit sikra gjennom sjøvegen for båtar og kajakkar. Det er viktig å få regulert inn tilkomst, toalett og parkeringsplassar for folk som kjem landvegen. Då unngår me og brukarkonflikter med private grunneigarar i nærområdet. Me har eit positivt samarbeid med dei, men området må tilretteleggast for friluftslivet og reiselivet betre. Rettar og plikter må og sikrast her.

Sluselaget har vore i kontakt med mange private aktørar som ønsker å støtta dette prosjektet med midlar så snart regulerigsplanen er på plass. Ein reguleringsplan vil såleis vera med på å sikra tilkomst og utviklinga av sluseanlegget framover, til glede for alle. Me vonar at Alver kommune tek med seg innspelet vårt i kommuneplanen sin samfunnssdel og at kommunen vår vil bruka litt ressursar for at sjøområdet og kulturminnet her vert som innbyggjarane våre fortener.

Med vennleg helsing

Vidar Langøy-Jørgenvik | Lindås Slusene
Spjotøyvegen 155
5955 Lindås
Mobil 90 91 20 69

PS:

På grunn av koronasituasjonen vart me litt forsinka med innspelet vår, me vonar de viser storsinn her med å ta dette med som eit viktig innspel til kommuneplanen sin samfunnssdel.